

Saksprotokoll 15.06.2020 - Kontrollutvalet

Handsaming i møte

Dagleg leiar, Jan Otto Evjen, og styreleiar, Knut Sundt Rosenlund, i Grieghallen IKS orienterte om kvifor det ikkje er komme utfyllande svar på dei 9 punkta som kom fram i selskapskontrollen som blei vedteken i fylkestinget i Hordaland fylkeskommune 12.12.2018 og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

På direkte spørsmål vart det svara at selskapet ikkje ville laga årsplanar eller gjennomføra styreevalueringar. Det vart elles vist til at stiftingsdokument på 13 sider av 2013 beskriv så godt alt IKS'et skal gjera - og det gjeld til 2043.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune har merka seg at Grieghallen IKS ikkje har følgd opp selskapskontroll av selskapet i tråd med vedtaket i Hordaland fylkeskommune 12.12.2018 på ein tilfredsstillande måte og på ein måte som ivaretek krava i IKS-loven.
2. Kontrollutvalet ber om at Grieghallen IKS kjem med utfyllande svar, og dokumentasjon på kva som er/vil verta gjennomført på dei 9 punkta som kom fram i selskapskontrollen, slik at det kan handsamast i møte i kontrollutvalet 12.10.2020.
 1. Sende innkalling til representantskapsmøta i samsvar med inntomsel. § 8 og selskapsavtalen.
 2. Utarbeide økonomiplan i samsvar med inntomsel. § 20 og selskapsavtalen
 3. Sikre rettidig handsaming av budsjett og rekneskap i samsvar med inntomsel § 18 og forskrift om budsjett, regnskap mm for IKS § 4.
 4. Formalisere rolla som arbeidande styreleiar og kva oppgåver som ligg til denne rolla.
 5. Formalisere avtaleforholdet med innleigd dagleg leiar og kva oppgåver som ligg til denne rolla.
 6. Utarbeide skriftlege rutinar og kontrollar for dei viktigaste arbeidsprosessane i selskapet.
 7. Be om årleg rapportering frå Grieghallen AS om vedlikehald av bygget.
 8. Vurdere om det kan vera føremålstenleg å tinglysa ein uråderett knytt til eigedommen, ettersom det er Musikkselskabet Harmoniens fondsforvaltning som har heimel til tomte.
 9. Vurdere om selskapet treng både dagleg leiar og arbeidande styreleiar.
3. Tilbakemelding vert å sende sekretariatet seinast innan 21.09.2020.